

Basecamp Uskedalen er veldig populær!

03.09.2017



Denne gjengen var tilbake etter ein flott dag i fjellet då eg var nedom Rabben Feriesenter.

**Sist helg fjellsportarar frå Bergensområdet samla til Basecamp Uskedalen med Rabben Feriesenter som base. Totalt vart det 42 fjellsportarar med leiarar som deltok, og leiarar frå DNT Fjellsport Bergen fortalte, at denne turen er blitt så populær at den vart fullteikna på 4 dagar. Dei meinte også at Basecamp Uskedalen hadde vore kvart år sidan 2007.**

Med base på Rabben Feriesenter legg dei kvart år opp til eit spennande program i dei vakre Kvinnheradsfjella. Dei har føringsturar der det er bruk av tauverk og avgrensa deltakartal i fjell og på bre. Desse vert også fort fullteikna. I tillegg har dei dagsturar med turleiarar, og muligheter for eigne opplegg.

Laurdag var det to føringsturar, - Blåisvandring på Botnabreen(6 deltakarar) og tur i traversen frå Melderskin til Store Bjørndalstind(12). Det var tur til Ulvanåso, og det var ein del som var og klatra i ulike ruter i Nåso. Då eg var innom Rabben Feriesenter like etter klokka hadde passert 18, var berre ei av gruppene tilbake i det fine veret. Nokre av dei var klar for eit sjøbad før det skulle vera fellsmiddag med grillt laks. Det er fast kvart år, og grillinga står Rabben Feriesenter for.

Søndag går føringsturen til Gygrastol(12), og elles vert det lagt opp til to turalternativ med turleiarar. Dei to turmåla skulle bestemmost laurdag kveld

Under Basecamp Uskedalen bur dei fleste i hytter på Rabben Feriesenter medan nokre bur i telt. I tillegg til det flotte tuttilbodet vert det også lagt opp vekt på det sosiale. Nokre har vore med tidlegare, medan ein del av dei eg snakka med, var med for første gang. Etter det eg forstod på leiarane håpa dei å rekruttera nye medlemmer i fjellsportgruppa gjennom dette tilbodet. Den store påmeldingsinteressa teiknar godt i så måte.

Dei var svært fornøgd med Rabben Feriesenter som base. Det var heilt perfekt.

- Og så er det jo kjempeheldige med veret, la bladefyken til.
- Vi er alltid like heldige med veret på Basecamp Uskedalen, vi, svara turleiaren fornøgd og forsikra om at i byrjinga av september 2018 er dei tilbake med ein ny Basecamp Uskedalen, truleg den 12. i rekjkja.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.